

---

**Fra:** Monika Cecylia Serafinska <Monika.Serafinska@hfk.no>  
**Sendt:** 5. juni 2015 14:40  
**Til:** Kristine Skaiaa Born  
**Emne:** Varsel om synfaring - Bakkeplanering Fønnes gnr 131 bnr 14 - Austrheim kommune

Viser til telefonsamtale og e-post av 05.06.2015 i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi kjenner per i dag ikkje automatisk freda kulturminne i det aktuelle arealet. Tiltaksområdet ligg mellom steinalderbuplassane ved Fønnesstraumen og lokalitetane på Smalhusåkeren. I eldre steinalder har dette området lege som ei øy i skjærgårdssystemet, noko som gjer at potensial for nye funn i tiltaksområdet er høg. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Med helsing

**Monika Serafinska**

Arkeolog | Rådgevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 91 80

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)